



## Referat

<b>Utval:</b>	Fitjar sokneråd
<b>Møtestad:</b>	Fitjar rådhus
<b>Dato:</b>	Onsdag 7. februar 2018
<b>Tid:</b>	Kl. 18.00
<b>Møtenr.:</b>	1/18

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Mette E. Lambach	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem

### Varamedlemmer som møter:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Arne Prestbø	2. varamedlem

### Varamedlemmer som ikkje møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

### **Sakliste:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>	<b>Sak for kommunal representant</b>
S-1/18	Personalsituasjonen i Fitjar kyrkje	<b>X</b>
S-2/18	Førebels rekneskap for 2017	<b>X</b>
S-3/18	Detaljbudsjett for 2018	<b>X</b>
S-4/18	Referat frå sist møte	<b>X</b>
S-5/18	Meldingssaker	<b>X</b>
S-6/18	Open post	<b>X</b>
S-7/18	Kyrkjelydsplan m.m.	
S-8/18	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-9/18	Høring om gudstenesteordning	

#### **S-Sak 1/18: Personalsituasjonen i Fitjar kyrkje**

##### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka

##### **Behandling i Soknerådet 7. februar 2018:**

Soknerådet vert orientert om personalsituasjonen i Fitjar kyrkje. Foreløpig har ein klart å gjennomføra dei oppgåvene som ein er pålagt med dei vikarane ein har leigd inn, men soknerådet vil halda seg orientert om situasjonen.

##### **Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet tek til orientering at Olav Oma har fått stilling i eit vikariat for 3 år som sokneprest i Stord. Soknerådet ynskjer at vikariat som sokneprest i Fitjar kyrkje vert utlyst snarast, og at ein samtidig utlyser igjen etter barne- og ungdomsprest/kyrkjelydsprest.

#### **S-Sak 2/18: Førebels rekneskap for 2017**

##### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek førebels rekneskap for 2017 til orientering.

##### **Behandling i soknerådet 7. februar 2018:**

Kyrkjeverje orienterte soknerådet om førebels rekneskap for 2017 som syner eit overskot mot budsjettet underskot. Overskotet skuldast i hovudsak stillingsvakansar i 2017.

##### **Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet tek førebels rekneskap for 2017 til orientering. Så snart dei endelege tala ligg føre må vil AU orientera Formannskapet om saka.

#### **S-Sak 3/18: Detaljbudsjett for 2018**

##### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet vedtek Fitjar sokn sitt detaljbudsjett slik det ligg føre. Satsar for godtgjersle for tillitsvalde vert på same nivå som i fjor. Soknerådet tek sikte på å fremja ei sak til revidert kommunebudsjett om investeringsstøtte til etablering av namna minnelund for urnegraver.



**Behandling i soknerådet 7. februar 2018:**

Soknerådet fekk orientering av kyrkjeverje om detaljbudsjettet for 2018.

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

**S-Sak 4/18: Referat frå sist møte**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 7. desember 2017.

**Behandling i soknerådet 7. februar 2018:**

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

**S-Sak 5/18: Meldingssaker**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Behandling i soknerådet 7. februar 2018:**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Seminar for kyrkje/næringsliv på Stord 21.3.2018  
Harald sender ut program til alle medlemmene i soknerådet. Påmelding til Harald. Kyrkja betaler avgift for påmelding for dei som er medlem av soknerådet.
2. Flytting av kyrkjekontoret  
Kyrkjekontoret er flytta inn i det gamle legekantoret i Rådhuset. Dei tilsette er nøgd med kontora.
3. Møteplan for soknerådet 1. halvår 2018  
Soknerådsleiar og kyrkjeverje lagar eit forslag til møteplan der møtet vert på ein torsdag ein gong i månaden. Møtet startar kl. 18.30.
4. Avslutning av orgelprosjektet  
Ein reknar prosjektet som avslutta sjølv om at det framleis manglar omlag kr 60 000, men ein kan nytta midlar frå utsmykking og/eller pengar frå overskotet i budsjettet..
5. Vårdugnad på kyrkjegarden  
Det må skrivast i Kyrkjelydsbladet om at det vert dugnad to laurdagar i vår for raking av lauv og greiner.
6. Innsamlingskomiteen for kyrkjelydsprest  
Meldinga vert utsatt.

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

**S-Sak 6/18: Open post**

Rasmus Fitjar ynskjer at det vert laga eit galleri av prestar som har vore tilsett i Fitjar kyrkje og at konfirmasjonsbilete vert tilgjengeleg for kyrkjelyden. Han vil undersøkje om nokon kan gjera dette.

Harald Rydland ynskjer at firma som har gjeve pengar til orgelet får ei plate med firmanamn og logo. Aksjeprotokollen skal plasserast på galleriet.



**S-Sak 7/18: Kyrkjelydsplan, årshjul, frivillige nemnder m.m.**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

**Behandling i Soknerådet 7. februar 2018:**

For å få eit betre oversyn over kva arbeid og faste hendingar som er i kyrkjelyden gjennom året, samt oversyn over frivillige nemnder og kva dei arbeider med, kan ein kyrkjelydsplan og årshjul vere nyttige hjelpemiddel. Under drøfting av saka vart det stilt spørsmål om rutinar for korleis ein sikrar seg mot ikkje ynskja hendingar hos frivillige.

**Vedtak (samrøystes):**

Det vert laga eit utkast av ein kyrkjelydsplan med årshjul og arrangement i kyrkja si regi til neste møte. Soknerådet vil arbeida vidare med etiske retningslinjer for å førebyggja ikkje ynskja hendingar.

**S-Sak 8/18: Arrangement i kyrkja sin regi**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Behandling i Soknerådet 7. februar 2018:**

Ein må vurdere om ein får gjennomført trusopplæringstiltak med tårnagentar i mars eller om ein må utsetja det til april. Det vert kyrkjelydstur til Helgatun då det er 50 påmeldte. Det vert ikkje konfirmantleir i år, men dei får ein opplevingstur til Høyt og lavt utanfor Bergen. Konfirmantfesten vert søndagen før konfirmasjonshelga. Det vert temakveld 22.02 og 10.03.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet har gått gjennom arrangement i kyrkja si regi og tek det til orientering. Årsmøtet i kyrkja vert 15. april.

**S-Sak 9/18: Høyring om gudstenesteordning**

**Framlegg til vedtak:**

Gudstenesteutvalet i Fitjar sokn, saman med soknerådsleiaren, får fullmakt til å gje høyringssvar på vegner av Fitjar sokn. Soknerådsmedlemer som har merknader til saka må gje dei til soknepresten innan 10. mars.

**Behandling i Sokneråd 7. februar 2018:**

**Vedtak (samrøystes):**

Som framlegg.

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....